



Redningsøving med 330 skvadronen.

Marin og maritim utdanning ved **Måløy Vidaregåande Skule (MVS)**

Fylkesyrkesskulen i Måløy vart etablert hausten 1953 i leigde lokale i Måløy sentrum. Hovudformålet var å drive opplæring av fagarbeidarar til bedriftene i nærmiljøet, og då spesielt innan det mekaniske området for å dekke behovet innan fiskeindustri og fiskeri, båtreperasjon og delvis landbasert produksjon.

I 1962 vart ny skule teken i bruk og tilbodet vart utvida med andre liner, men basisen var framleis fokusert mot marine og maritime fag. I 1975 vart fyrste byggetrinn av ny skule teke i bruk på Tennebø, og tilbodet utvida med studiespesialisering og merkantile fag og helsefag.

Samla under eit tak

I 1985 vart andre byggetrinn teke i bruk og for fyrste gong var skulen samla under eit tak, med eiga kursavdeling i den gamle skulen i

Måløy. Seinare vart skulen atter ein gong utvida, denne gongen med leigelokale i Måløy sentrum for å skaffe plass til Fiske og fangst, Akva og fiskeindustrifag, samt at det vart starta opp eit fagskuletilbod innan Nautiske og skipstekniske fag. I 2005 vart eit nytt bygg teke i bruk for å samle skulen igjen på Tennebø. Det var hovudsakleg dei marine og maritime linene som no vart flytta til Tennebø. Dette gjaldt Akva, Fiske og fangst, Matfag (med vekt på fiskeindustri) og Fagskulen si avdeling for skipsteknisk- og nautisk utdanning.

Sikkerhetssenteret i Måløy (SIM, ei avdeling under MVS) vart etablert i det nye bygget, og etter kvart vart det og investert i både brusimulatorar og maskinromssimulatorar i eit samarbeid med Sikkerhetssenteret og Fagskulen. Til opplæringa har skulen hatt to opplæringsfartøy, frå 1991 Hendavik som var ein kystfiskebåt på 59 fot, bygd i 1947, derneft frå 2002 Skulebas, ex Røyrbuen, ein fiskebåt på 110 fot bygd i 1974, innkjøpt av eit eige opplæringselskap og bygd om for å møte dei oppgåvene som det skulle dekke for

praksisopplæring innan fiske og fangst og navigasjon. Nytt opplæringsfartøy er prosjektert og Sogn og Fjordane Fylkeskommune har sett investeringa opp i økonomiplana for 2019 – 2022. Endeleg vedtak er forventet i FT møtet i oktober 2018.

Studietilbod innan marin og maritim utdanning:

Skulen har i dag følgjande tilbod innan marine og maritime utdanningar:

VG1 Naturbruk	18 elevplassar
VG2 Fiske og Fangst	6 elevplassar
VG2 Akvakultur	6 elevplassar
VG2 Maritime fag	24 elevplassar
YSK Akva (4-årig)	16 elevplassar
YSK Industri teknologi (4-årig)	16 elevplassar
VG2 Køyretøy	3 – 6 elevplassar som Motormekanikar

I tillegg brukar Restaurant og matfag Skulebas som opplæringsarena for kokkar som ønskjer å satse på læreplass innan den maritime sektoren. Alle linene brukar Skulebas til praksisopplæring, det være seg reparasjon og vedlikehald av maskinelt utstyr, reparasjon og vedlikehald av skrog og fangstutstyr, line- og garnfiske, rekruttering i samarbeid med Opplæringskontoret for Fiskeri og Havbruk (OKFH), samarbeid mellom SIM og 330.skvadronen i Florø og Brann og redningsetaten i Vågsøy Kommune om brann- og redningsøvingar, samt at skulen sitt utstyr og lokalitetar er sett til disposisjon for beredskapen for akutt forureining IUA – Nordfjord.

Eigen oppdrettskonsesjon

Innan Akvautdanninga har skulen eit breitt samarbeid med oppdrettsnæringa i Sogn og Fjordane. Skulen har eigen oppdrettskonsesjon

som vert drifta av Marine Harvest Vest, og sikrar at elevane får tidsmessig praksisopplæring på lokalitetar rundt om i fylket. Vidare driv skulen og kurs- og etterutdanningstilbod for tilsette i næringa. Skulen har eiga line for YSK Akva og YSK TIP der elevane i eit 4-årig løp får spesiell studiekompetanse og fagbrev innan dei Akva relaterte fagområda.

Skulen bidreg og med rekruttering av fiskarar til kyst- og havfiskeflåten i distriktet. Eit tett samarbeid med OKFH gjer at dei fleste av våre elevar har fått lærekontrakt før dei er ferdige med VG2. Våren 2018 rekrutterte Ervik Havfiske alle elevane som vart uteksaminert frå skulen si line for Fiske og fangst. Utsiktene framover er og lyse. Berre i samband med dei to nye fiskefartøya som er under bygging for Ervik Havfiske er det trong for ti læringar, i tillegg til dei allerede eksisterande læreplassane hos Ervik og andre reiarlag i fylket.

Bilde av skulen sin D-fløy der skolen har den marine aktiviteten. Her ligger også Skulebas til kai.





Leiar OKFH, Bjørn Kvalheim.



Skulebas til Lofoten.

Driv tryggleiksoplæring

Skulen driv og tryggleiksoplæring for off-shore, fiskeri og havbruk gjennom SIM, Sikkerhetssenteret i Måløy. Dessutan repetisjonskurs og anna kursaktivitet knytt mot dei marine og maritime yrka, samt Fagskulen i Sogn og Fjordane.

Den største satsinga framover for skulen, er eit nytt tilpassa opplæringsfartøy. Prosjektet er komen inn i langtidsbudsjettet for Sogn og Fjordane Fylkeskommune Båten har


ei lengde på 38 m, breidde på 10,5 m og lugarkapasitet til 20 personar. Båten er klasifisert i fartøysområde Bankfiske 1, og skal utrusta med utstyr for undervising innan fiske og havbruk, samt at bru og maskinrom er tilpassa undervising innan fagområda.

Forskningscenter

Måløy Vidaregåande Skule er og ein del av satsinga på MMR, Måløy Marine Ressurs-senter, som ønskjer å etablere eit forsknings-

senter for forskning med høg nytteverdi innan marin sektor. MMR skal samarbeide tett med m.a. Norges Miljø og Biovitenskapelige Universitet (NMBU) på Ås og Måløy Vidaregåande Skule som har fylkesdekkande utdanningstilbod innan fiskeri og havbruksnæringa, og som har ein undervisningskonsesjon for oppdrett av laks og ørret. Etableringa av eit landbasert oppdrettsanlegg på Raudeberg i regi av OFS Måløy AS, vil og gi ringverkna-der for både MMR og MVS.

Illustrasjonsbilde av ny skulebåt.





OFS Måløy As – illustrasjonsbilde frå konsesjonssøknaden.

Administrativt har og skulen gjort grep for å samle dei marine og maritime utdanningane i ei eiga avdeling. I samband med

at tidlegare leiar av SIM skal pensionere seg, har skulen gjort endringar i organisasjonsplana slik at den nye avdelingsleiaren har

fått driftsansvaret for dei marine- og dei maritime utdanningane samt SIM, for lettare å kunne samordne personell og drift. ■



Kurs for oppdrettsnæringa